



UTSENDING: Liz Malkenes (t.v.) var ein av utsendingane til Tysnes Sogelag. Her i samtale med leiar i Hordaland Sogelag, Else Marie Kind Hevrøy.

Lokalhistoriske dagar og årsmøte i Hordaland Sogelag

Arrangementa vart avvikla i Tyssedal i helga. Ut frå det høge medlemstalet i Tysnes Sogelag, stilte laget med to representantar med røystrett på årsmøtet.

Vertskap for samlinga i år var Hardanger Historielag. Leiar i laget, Marit Bleie Mannsåker, ynskte årsmøtereferentane velkomne til ymse foredrag og omvising på Norsk Vasskraft- og

Industriadmuseum, eller tidligere Tyssedal kraftanlegg.

Unikt museum

Norsk Vasskraft- og Industrimuseum vart totalrestaurert i perioden 2000

til 2007. Muséet er eit unikt vasskraftmuseum ikkje berre i nasjonal, men også i internasjonal målestokk. Ikkje berre kraftstasjonen, men bygningane i fjellpartiet og dei stupbratte røyr gatene er restaurerte. Muséet har då også fått ros internasjonalt for det flotte og unike restaureringsarbeidet.

Odda før industrireiseinga

Gjennom historikaren Knut Markhus sitt interessante foredrag «Mellom enkle innfødde og ville fjell» fekk me høyra om Odda før industrireiseinga. Han viste bilete og hadde ein historisk omtale av reiselivet i Odda på 1800-talet. Frå biletframsyinga «Industrieventyret» fekk me sjå bilete frå byggjeaktivitet og rallarliv tidleg på 1900-talet.

Omvising

Det vart sjølvstøtt omvising på Vasskraftmuseet. I tillegg fekk ein vera med på busstur gjennom hardangerbyen. På turen fekk ein sjå korleis klasseskilje i industribyen var på husværa og bumønsteret til funksjonærar og arbeidarar gjennom årstidene.

Ingen bustadmangel

I Odda kommune, som i år kan markera 100 år som eigen kommune, er det ikkje mangel på bustader. Både einebustader og høgbløkker står tome, og du kan kjøpa deg ein fin herskapsbustad i «jugendstil» til ein overkommeleg pris. Eit interessant fenomen i våre dagar

er at våre nye landsmenn og spesielt polakkar, kjøper og er flinke til å restaurera dei gamle arbeidarhusværa til seg og familien.

Attval på årsmøte

Heile styret, som dei siste åra har vore leia av Else Marie Kind Hevrøy, vart attvald med akklamasjon på årsmøtet søndagen. Tysnesingen Mikal Heldal tek dermed ein ny periode som nestleiar i Hordaland Sogelag. Han er også medlem av styret i Landslaget for lokalhistorie.

Årets studietur

Sidan 2006 har det vore tradisjon å arrangera studieturar til land og stader det våre forferdrar slo seg ned og sette spor etter seg. I år går turen til Gotland via Danmark, og alle interesserte, både medlemmer av sogelaget og andre, kan melda seg på turen. Du finn mykje informasjon om turen ved å vitja nettsida til Hordaland sogelag = <http://www.hordalandsogelag.no/>

AV KAARE M. MALKENES

Åpningstider:

Onsdag	10.00-20.00
Skjærtorsdag	Stengt
Langfredag	Stengt
Påskeaften	10.00-15.00

God Påske!

Heiane
storsenter